Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lauving

Oppskr. av: Ragnhild Ulvestad

(adresse): Fossveien 5 III Oslo.

Fylke: Møre

Herad: Volda no Dalsfjord

Bygdelag: Ulvestadbygd

Gard: Ulvestad

G.nr. 160 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lauving.

1 Kvart år var det lit lauving. Mannfolka gjekk å kikka på tre og skulde ha då ei bjørk å då ei anna til vøling av hus eller reidskap eller so mangt det skulde ha det til. Då tok dei navre og borken av tredi medan dei stod på marki. Dette var fyre slåtten medan treii gjekk; fekk dei tid å sage treet. kunne me kvinnfolka kjerve. Men det var helst etter slåtten me kjerva. Då hadde me nokre dagen fyr haa vart slegi. Det var bjørk og kanskje lit selje eller rogn. Me kalla det å lauve.

3 Sigd brukte me å slå av greine med. Det var berre hasslelauv me rispa med handa. Me brukte ikkje noko beskyttelse for fingrane for det var berre eit mål no og då til griser.

4. Lauv tok ein både av rotfaste tred og slike som var hogd ned. Der det vart formykje småtred, kunne ein liksom kylle ned og då merkna ein ikkje at dei skulde kome att. Nei eg tru ikkje akkurat det.

5 Det var i finevêret me kjerva. kvistlette

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1964

me undt veggane inn i løda so det kunne kame tekk til. Etter slåtten køyrde me både til naustet og til vårfjøsen.
6 Lauvet vart køyrt heim, helst på føre um vinteren, det som var i naustet eller vårfjøsen. Me hadde berre kvar for seg.
7 Det var i heimemarkja; men mange lagar låg langt frå husi. Mannfolka tykst have nok med felling av tre og køyring, so kvinnfolka måtte slå av minste greinene og kjerve.
8 Det som ikkje stod undt lødeveggen inn i løda vart kassta på hjellen og på høy stål. Det var sauene som fekk lauv, eit kjerv um dag ved sida av det andre foret.
9 Bjørkelauv var fint for.
10 I vår bygd vaks der ikkje alm.
11.12.13.14.15 Brukte me ikkje.
B Lauv som rakes sammen på bakken.
1 Rake lauv brukte me berre til å strø under grisene.
2 Det var alltslagslauv.
3 Dette var brukt rive til
4 Helst i sekkjer som vart køyrt heim.
5 Kvinnfolkje rakte saman.
6 Sam nr. 1

1964
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING